



Notat

Dato: 19.04.2018
Arkivsak: 2016/4130-43
Saksbehandlar: torsan12

Til: Utval for opplæring og helse
Fylkesutvalet
Fylkestinget

Frå: Fylkesrådmannen

Rullering av skulebruksplan (SBP) 2017-2030

Bakgrunn

Skulebruksplan 2017-2030, sak PS 72/2016, blei politisk handsama 4. oktober 2016. Vedtakspunkt 5 i saka seier at skulebruksplanen skal rullerast kvart fjerde år.

I sak PS 177/2017 «Oppfølging av skulebruksplan (SBP) – løypemelding 2017» utgreidde fylkesrådmannen status og retning i arbeidet med å gjennomføre skulebruksplanen med dei vedtaka som ligg føre. I saksframlegget la fylkesrådmannen til grunn ein intensjon om å leggje fram ei rullering av eksisterande skulebruksplan i 2020.

Regionreform

Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar slår seg saman og blir til eitt fylke 01.01.2020. Som ein del av prosessen er det sett ned 16 delprosjektområde og 56 delprosjekt. Vidaregåande opplæring er delprosjektområde 1.

Delprosjekt 1.5 «Tilbudsstruktur (inkl. inntak og vaksne)» skal utarbeide framlegg til:

- Kriterium for utforming av tilbudsstruktur
- Prinsipp for søking og inntak
- Lokal inntaks- og formidlingsforskrift
- Eventuelle overgangsordningar for søking og inntak

Ei rullering av skulebruksplanen i 2020 vil påverke innretninga på delprosjektet. Som ein del av samanslåingsprosessen er det føremålstenleg å sjå skulestruktur inn i dette delprosjektet, og leggje til rette for ein samordna prosess for den nye fylkeskommunen.

Fylkesrådmannen vil derfor ikkje leggje fram ei rullering av eksisterande skulebruksplan i 2020, men sjå skulestruktur inn i delprosjekt 1.5 sitt mandat. Delprosjektet vil gjennom sitt arbeid leggje fram tilråding om tidspunkt for gjennomgang av skulestruktur for den nye fylkeskommunen.